

Notat

Til: Hovudutval for kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Fylkeskulturprisen 2014 - Innkomne framlegg

Nr	Kandidat	Sjanger	Informasjon/grunngeving for framlegget
1	Olav Fridtun, Bjordal	Museum	30 års innsats for Massnes Villmarksmuseum. Olav Fridtun ved Massfjord Villmarksmuseum har arbeidd for oppdrett, utsetting av skogsfugl og utstopping av fuglar og dyr. Han har og bygt opp det private Massnes Villmarksmuseum med utstilling av fuglar, dyr og kulturhistoriske gjenstandar.
2	Rolf Taraldset, Hornindal	Treskjerar	Tradisjonsformidlar og nyskapande kunstnar innafor treskjerer. Hans arbeid inkluderer alt frå møblar og treskjerer i klassiske stilartar til rein kunst som portrett. Sterkt ønskje om å vidareformidle kunnskap og har halde ei rekke kurs/undervisning i kulturskulen.
3	Eid vidaregåande skule	Vidaregåande skule	Skule som har jobba godt og målretta mot å fremme kultur blant elevar, tilsette og regionen. Elevar ved skulen vert engasjert i rockfestival, oppsetting av opera mm. Elevane får brei administrativ og praktisk erfaring.
4	Finn Loftesnes og Oddleiv Apneseth	Fotografar	To fotografar som på kvar sin måte gjennom fotografi har dokumentert og sett Sogn og Fjordane på kartet nasjonalt. Både Finn Loftesnes som naturfotograf og Oddleiv Apneseth som presse- og kunstfotogra har vist at fotografi på ulike måtar er viktig for kulturen både her i fylket og nasjonalt.
5	Fortidsminneforeninga i Sogn og Fjordane	Frivillig organisasjon	For sitt arbeid som forvaltar og ansvarleg for verdfulle kulturverdiar innan bygningsvern i fylket. Administrerer turistdrift i stavkyrkjene i fylket. Arrangerer bygningsvernkurs, restaureringsarbeid m.m. og skapar allmen forståing for bygningsvern.
6	Arne M. Sølvsberg og Asbjørg Hustveit Sølvsberg, Breim	Folkemusikk og folkedans	Drivkrefter for å ta vare på, bruke og lære frå seg folkemusikk og folkedans, særleg til barn og unge. Arne M. Sølvsberg har vore svært aktiv med speling, komposisjonar, konsertar, undervisning, skiving, som kurshaldar og dommar i konkurransar m. m. Sølvsberg har vore musikalsk leiar i Spelemannslaget Fjelljom sidan 1979. Asbjørg H. Sølvsberg har vore aktiv i folkemusikk- og folkedansmiljøet. Dei har saman drive barneleikarring/dansegruppe i Fjelli ungdomslag sidan hausten 1979.

7	Per Bygnes, Hyllestad	Kultur- arbeidar	For sitt arbeid i Folkeakademiet i Hyllestad, bygdebok, kulturarrangement, dirigent m.m. Har fått kulturpris i Hyllestad og kongens fortjenestemedalje i gull. Stor kulturspreiingsleiar i lokalsamfunnet.
8	Jan Kjetil Smørdal, Nordfjordeid	Sirkus	Sirkusartist med eige sirkus. Entusiasme og speglede. Han debuterte tidleg som artist og opptredde ved fleire norske og utanlandske sirkus. Starta som ung sitt eige sirkus. Har sett si heimkommune og fylket på kartet i ei mange år.
9	Hilde Bjørkum, Førde	Direktør Førde- festivalen	Hilde Bjørkum er folkemusikkutøvar, felespeler og ein dyktig dansar. Hilde Bjørkum har med si musikkglede og skaparglede vore ein pådrivar i folkemusikkmiljøet i heile fylket, på kappleikar og Landskappleikar. Ein av initiativtakarane til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival og For sitt arbeid med Førdefestivalen gjennom 26 år
10	Karl Seglem,	Musikar	29 år som artist og komponist. Har sett fokus på Vestlandet med sine plateutgjevingar, turnering m.m. Bidrege til det lokale kulturlivet gjennom å inkludere korps på sine turnear.
11	Torkild Sandsund/ Miriam Prestøy Lie	Teater regissør	Med sitt arbeid med å produsere teater for turne, med Fjaler som produksjonsstad, har dei sett fokus på at det er mogleg å bu og arbeide som profesjonelle kunstnarar i vårt fylke. Er gode på å trekkje fram viktige samfunnsspørsmål og gjere dei aktuelle på nye måtar. Initiativtakarar og kunstnarisk leiar for Teaterfestivalen i Fjaler. Har auka mangfaldet av teateruttrykk i fylket.